

*Trygve Nesset*

# Gardsnamnet TRYLI og fjellnamnet LEDSAGAREN.

*Er det ein samanheng?*

TRYLI er namn på ein gard på vestsida av Atndalen i Stor-Elvdal kommune. Garden er frå 1700-talet og ligg på den mest frostsikre plassen i området, som er ei lang li nedunder fjellet Ledsagaren. Det er den eldste delen av jordvegen som er særskilt frostsikker. Her er det òg ein del karakterplanter som er typisk for god jord, slik som tysbast, liljekonvall, trollbær og orkidear. Uttala er endefram, lang y og einstavings tonelag, try:'li:. Opplysningane er etter lektor Iver Thorstad, Tynset, som er oppvaksen på garden Thorstad ved

elva Atna. Thorstad var i gamle dagar husmannsplass under Tryli. På fjellet Ledsagaren ovanfor Trylia er det tre toppar som ligg etter kvarandre i same retning, nærmast nord-sør. Namnet «Ledsagaren», er det fortalt, skal vera namnsett av ein kartmann som tykte toppane fylgde etter kvarandre i same retninga – dei «ledsaga» kvarandre. Ledsagaren er vel da eit nyare namn som har erstatta eit eldre namn.

I 1757 er plassen kalla Trølikletten og låg under Atneosen. Trøli-kletten med bokstaven ø kan kanskje vera ein



*Ledsageren. Foto: Iver Thorstad.*

skrivemåte for Tryli, ettersom dialektuttala no og så langt ein veit bakover er Tryli.

Ein folkeleg forklaringsmåte er at namnet kjem av at dei hengde att «tryer» (truger) her når dei kjørte med hest vinterstid. Men namnet er sikkert eldre enn denne kjøringa.

Førstelekken av namnet, try, kan vera gno. tju n, talordet tre, som lydrett utvikla vil bli til try ved progressiv j-assimilasjon.


I så fall må ein da gå ut frå at fjellet har vore kalla «tryfjellet» etter dei tre toppane, og at lia nedanfor har vore kalla «tryfjell-lia» eller forkorta TRY-LIA.

Tryli tyder altså garden som ligg i lia nedunder fjellet med dei tre toppane.

Ein kan samanlikne med namnet Tryvasshøgda utanfor Oslo som har namnet etter dei tre vatna som ligg på rad.

Elva Trya som renn ut ved Trønnes (tryanes), ligg for langt unna til å vera namngjevar her.

Adresse:  
Tryge Nesset,  
2500 Tynset



*Kartutsnitt som viser Ledsageren og garden Tryli.*